

# Forslag om endring i inntak til utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for toppidrett

Forskrift om inntak til vidaregående opplæring og formidling til  
lære plass i Vestland fylkeskommune 29. september 2020 nr. 3380

# Innhold

<b>1. Bakgrunn for forslaget</b> .....	<b>3</b>
1.1 Bestillinga frå fylkestinget.....	3
1.2 Tidsplan for politisk behandling .....	4
1.3 Om paragrafbruken i dette dokumentet.....	4
<b>2. Om toppidrettstilboda i fylkeskommunen</b> .....	<b>4</b>
2.1 Korleis idrettstilboda i fylkeskommunen er organisert i dag .....	4
2.2 Kva meinast med utdanningstilbod som er særskilt tilrettelagt for å kombinerast med toppidrett? .....	5
<b>3. Vurderinga til direktør for opplæring og kompetanse</b> .....	<b>6</b>
3.1 Bør inntaket bli gjennomført lokalt på skulen med tidlegare tilbod?.....	6
3.2 Om åtgonga til å vektleggje dokumenterte ferdigheiter i inntaket.....	7
3.3 Forslag om idrettsleg kriterium i inntaket.....	8
3.3.1 Grunngeving for forslaget .....	8
<b>4. Foreslått forskriftstekst</b> .....	<b>9</b>

# 1. Bakgrunn for forslaget

## 1.1 Bestillinga frå fylkestinget

I PS 129/25 den 09.12.2026 vedtok fylkestinget at søkarar til Vg2 Smed ved Odda vidaregåande skule skal kunne søkje direkte til skulen på eit tidlegare tidspunkt enn vanleg frist, med karakterpoenga frå 1. termin. Føremålet var å sikre at inntaket kunne gjennomførast på same tidspunkt som den konkurrerande privatskulen, som kunne gje søkjarane tilbod før fylkeskommunen hadde fått gjennomført sitt inntak.

Inntaket til smedlinja i Odda er i dag regulert i lokal inntaksforskrift § 10 (2):

*Søkarar til vg2 Smed kan også søke direkte til Odda vidaregåande skule. Rektor gjennomfører inntaket frå etter 1. mars. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng frå 1. termin.*

Fylkestinget vedtok samstundes at fylkesdirektøren skulle leggje til rette for tilsvarande forskrift for landslinja for skiskyting i Stryn, sjå verbalpunkt 2:

*2. Utvalet ber fylkesdirektør legge til rett for tilsvarande forskrift for landslinje for skiskyting i Stryn.*

*Begge landslinjetilboda har konkurranse med andre skular som gjev svar tidleg og der eleven må betale depositum. Å legge tilrette for meir lokalt administrert opptak med tidleg svar etter 1.mars, vil gje fleire elevar høve til å gå på desse linjene.*

På bakgrunn av vedtaket i fylkestinget foreslår direktøren for opplæring og kompetanse å gjere endringar i lokal inntaksforskrift. Direktøren har undersøkt korleis inntaket til landslinja for skiskyting i Stryn og andre utdanningstilbod som er særskilt tilrettelagt for toppidrett bør vere regulert.

Føremålet med forslaget er å organisere inntaket på ein måte som sikrar at fylkeskommunen sine tilbod er attraktive i konkurransen med dei private toppidrettstilboda, i større grad enn det som er situasjonen i dag. Inntaket bør innrettast på ein måte som gjer fleire elevar moglegheit til å gå på desse tilboda.

Direktøren har vurdert at det ikkje er hensiktsmessig med same regulering som på smedlinja i Odda med lokalt inntak og tidlegare tilbod (punkt 3.1)

Det vert i staden foreslått å opne for at inntil 50 prosent av plassane på desse tilboda kan bli tildelt på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettsleg kriterium), i tillegg til karakterpoeng (punkt 3.3)

Forslaget samsvarer med det som allereie er ordninga for inntaket til Vg1 idrettsfag og Vg1 musikk, dans og drama, og inneberer såleis ikkje større endring.

## 1.2 Tidsplan for politisk behandling

Det er opent for alle å kome med innspel til høyringa. Fristen for å kome med høyringsinnspel er 25. juni 2026. Etter høyringsperioden er den politiske behandlinga planlagt slik:

Vestland Ungdomsutval - 14. september 2026.

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse - 16. september 2026

Fylkesutvalet - 21. oktober 2026

Fylkestinget - 8. desember

Ein eventuell vedtaking av forslaget i fylkestinget kan ventast i desember 2026. Endringane vil kunne gjelde frå 1. januar 2026.

## 1.3 Om paragrafbruken i dette dokumentet

Det vert gjort merksam på at endringar i inntaksforskrifta, inkludert kapittelinnfelt paragrafnummerering, er forventa vedteke av fylkestinget og tredd i kraft 1. august 2026. Frå og med 1. august 2026 må referansane til inntaksforskrifta §§ 8, 9 og 10 i dette dokumentet, bli last som §§ 2-7, 2-8 og 2-9. Forslaget som vert lagt fram i dette høyringsnotatet, vil innebere at kapittel 2 får ein ny § 2-23.

# 2. Om toppidrettstilboda i fylkeskommunen

## 2.1 Korleis idrettstilboda i fylkeskommunen er organisert i dag

Det finns fleire måtar å kombinere vidaregåande opplæring med idrettsleg satsing. Fylkeskommunen sine ordningar er tilpassa til ulike prestasjonsnivå og vil dels kunne overlape:

- Idrettsfag som utdanningsprogram
- Toppidrett som valfag
- Spissa toppidrett som valfag med oppfølging frå Olympiatoppen
- Individuell oppfølging frå Olympiatoppen i klubb innanfor ordinært utdanningsprogram

- Utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for toppidrett

På Vg1 idrettsfag har fylkeskommunen bestemt i lokal inntaksforskrift at inntil 50 prosent av plassane kan tildelast på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettsleg kriterium), i tillegg til karakterpoeng, jf. lokal inntaksforskrift § 9.

På tilboda om spissa toppidrett har fylkeskommunen samarbeid med Olympiatoppen (OLTV) om inntak og oppfølging. Inntaksprosessen er her regulert i lokal inntaksforskrift § 30. I hovudsak skjer inntaket på vanleg måte, men OLTV gjer ei idrettsfagleg vurdering av kven av søkerane som kvalifiserer til eit tilbod om spissa toppidrett.<sup>1</sup>

På landslinja for skiskyting i Stryn skal inntaket avgjerast på grunnlag av karakterpoeng, jf. lokal inntaksforskrift § 10. Det same gjeld for andre utdanningstilbod som er særskilt tilrettelagt for å kombinerast med toppidrett. Det er på desse tilboda at direktøren no vil foreslå endringar i inntaksforskrifta.

## 2.2 Kva meinast med utdanningstilbod som er særskilt tilrettelagt for å kombinerast med toppidrett?

Opplæringsforskrifta § 4-6 om inntak til einsskilte utdanningsprogram, brukar ordlyden «utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for å gjennomførast i kombinasjon med toppidrett».

Fylkeskommunen har ikkje ein uttømande liste over kva tilbod ved dei ulike skulane som inngår i denne kategorien. Dei tilboda som vil kvalifisere som særskilt tilrettelagt for toppidrett vil ofte, men er ikkje avgrensa til, tilboda om spissa toppidrett.

I vurderinga av om tilbodet er «særskilt tilrettelagt», må det etter ordlyden sjåast til kva fag som blir tilbydde, kor relevant faget toppidrett er, og om organiseringa av opplæringa er eigna til å gjere det mogleg å kombinere opplæringa med toppidrettssatsing. Det avgjerande vil vere om tilrettelegginga for toppidrett er bygd inn i sjølve tilbodet gjennom fag, struktur og organisering. Det vil ikkje vere nok at skulen har idrettsprofil, fleksibel praksis eller mange elevar som driv idrett.

Landslinjetilbodet om skiskyting i Stryn er eit eksempel på eit tilbod som er særskilt tilrettelagt for toppidrett. Av toppidrettsfag tilbyr skulen både skiskyting, handball og fotball. Det vert gjennomført faste treningsksamlingar og organiserte reiser til konkurransesamlingar på nasjonalt nivå. Elevane følgjer eit fast treningsprogram i skuletida, og har tilgang til testlab, treningsutstyr og eigna treningsfasilitetar. Elevane får også tildelt ein trenar som har ansvar for eleven sin idrettslege oppfølging og tilrettelegging gjennom skuleløpet.<sup>2</sup>

---

<sup>1</sup> Les meir på [Spissa toppidrett - Vestland fylkeskommune](#) og [Spisset Toppidrett](#)

<sup>2</sup> Les meir på [Landslinje skiskyting](#)

Skiskytingstilbudet i Stryn er primært knytt til studiespesialisering, men kan også tilpassast til elevar på bygg- og anleggsteknikk. Både studieførebuande og yrkesfaglege tilbod kan difor vere omfatta av dei særskilt tilrettelagte toppidrettstilboda.<sup>3</sup>

## 3. Vurderinga til direktør for opplæring og kompetanse

### 3.1 Bør inntaket bli gjennomført lokalt på skulen med tidlegare tilbod?

I Smedlinje-saka avklarte fylkesdirektøren at det er opning for å gjennomføre inntaket lokalt med søknad direkte til skulen, og at skulen kan gi tilbod til søkjarane på eit tidlegare tidspunkt. Denne åtgonga vil gjelde både for landslinjetilboda generelt og for andre typar utdanningstilbod.

Spørsmålet her er om fylkeskommunen bør leggje opp til lokalt administrativt inntak, med tilbod om skuleplass på eit tidlegare tidspunkt, for dei utdanningstilboda som er særskilt tilrettelagt for toppidrett.

Omsynet til konkurransen med dei private toppidrettstilboda kan tilseie at inntaket bør organiserast på denne måten. Viss fylkeskommunen kan gje tilbod og setje svarfrist på same tidspunkt som privatskulane, er det sannsynleg at ein kunne sikra seg fleire søkjarar, som elles ville valt seg til det private tilbodet på grunn av svarfrist. Samstundes kan det vere andre årsaker til at søkjarar veljar eit privat tilbod, slik som geografisk nærleik, miljø og den idrettslege organiseringa.

Utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for toppidrett kan som nemnt omfatte både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Til samanlikning er smedlinja eitt konkret yrkesfagleg program. Elevar på studieførebuande program har oppflyttingsrett til Vg2 og Vg3, som betyr at dei får rett til å fortsette på same skule som Vg1 utan å konkurrere om

---

<sup>3</sup> Denne typen tilbod må difor ikkje bli forveksla med utdanningsprogrammet Idrettsfag, som er regulert i opplæringsforskrifta § 4-6 (1) første punktum, sjølv om eit tilbod om idrettsfag også *kan* vere særskilt tilrettelagt for toppidrett.

inntak med karakterpoeng. Innanfor yrkesfaga må elevane derimot søkje om inntak og konkurrere om skuleplass til Vg2 og Vg3 på vanleg måte.

Mange av dei tilboda som er særskilt tilrettelagt for toppidrett, inngår også i samarbeidet med Olympiatoppen om spissa toppidrett. Det er då Olympiatoppen som gjer den faglege vurderinga av om søkjaren er kvalifisert og skal tildelast tilleggs poeng, ut ifrå dei idrettslege kriteria som fylkeskommunen har fastsett. Overlappa mellom dei særskilt tilrettelagte toppidrettstilboda og tilboda om spissa toppidrett, tilseier at inntaket framleis bør gjennomførast sentralt i fylkeskommunen, for å sikre ein ryddig inntaksprosess.

Samla sett knyter det seg andre praktiske utfordringar til inntaksprosessen for denne typa tilbod, som etter direktøren sitt syn heller ikkje kan løysast teknisk i søknadsportalen Vigo. Ved å helde seg til dei ordinære inntaksdatoane til fylkeskommunen, er det enklare å fylle opp eventuelle ledige plassar på tilboda. Det vil også i større grad gjere inntaket føreseieleg og sikre likebehandling. Samla sett vurderer direktøren at denne løysinga har dei beste grunnane for seg.

Direktøren har også lagt vekt på at regelverket opnar for at fylkeskommunen kan vektleggje idrettslege kriterium i inntaket. Etter direktøren sitt syn er dette ein meir effektiv måte for fylkeskommunen å sikre seg søkjarar til desse tilboda, enn løysinga med lokalt administrativt opptak og tidlegare tilbod. Direktøren vil difor ikkje foreslå å organisere inntaket på same måte som på smedlinja i Odda.

### 3.2 Om åtgonga til å vektleggje dokumenterte ferdigheiter i inntaket

Opplæringsforskrifta § 4-5 krev at fylkeskommunen skal fastsette ei lokal forskrift om korleis inntaket skal gjennomførast. Forskrifta skal mellom anna ha reglar om «særskilde inntakskrav for einskilde utdanningsprogram i tråd med § 4-6» samt reglar om inntaket til landslinjene, jf. § 4-5 bokstav c og d.

Hovudregelen er at inntaket gjennomførast basert på karakterpoeng, jf. lokal inntaksforskrift § 3. Fylkeskommunen kan ikkje leggje vekt på dokumenterte ferdigheiter med mindre det er bestemt i lokal inntaksforskrift.<sup>4</sup>

Fylkeskommunen kan etter opplæringsforskrifta § 4-6 bestemme i lokal inntaksforskrift at opp til 50 prosent av plassane på vidaregåande trinn 1 skal tildelast på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve, i tillegg til karakterpoeng, for følgjande utdanningsprogram:

- Musikk, dans og drama
- Idrettsfag
- Utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for å gjennomførast i kombinasjon med toppidrett

---

<sup>4</sup> Sjå Udir sine merknadar [§ 4-6 Inntak til einskilde utdanningsprogram | udir.no](https://udir.no/4-6-inntak-til-einskilde-utdanningsprogram)

For Vg1 musikk, dans og drama, samt Vg1 idrettsfag, har fylkeskommune i dag regulert inntaket på denne måten, og bestemt i lokal inntaksforskrift §§ 8 og 9 at det kan bli lagt vekt på dokumenterte ferdigheiter og inntaksprøve..

Spørsmålet er om det same skal gjelde for inntaket til Vg1 på utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for å kombinerast med toppidrett, medrekna skiskytingstilbodet i Stryn og andre landslinjetilbod med toppidrett.

### 3.3 Forslag om idrettsleg kriterium i inntaket

Direktøren vil foreslå å regulere inntaket til utdanningsprogramma som er særskilt tilrettelagt for å gjennomførast i kombinasjon med toppidrett» på same måte som inntaket til idrettsfag og musikk, dans og drama er organisert i dag, jf. lokal inntaksforskrift §§ 8 og 9.

Forslaget inneberer at det kan bli lagt vekt på dokumenterte idrettslege ferdigheiter i Vg1 inntaket, på inntil 50 prosent av plassane på utdanningsprogrammet. Forslaget vil kunne gjelde både for landslinjetilbod og vanlege tilbod. Dette er i tråd med opplæringsforskrifta § 4-6 (1) andre punktum.

Forslaget er inspirert av regelen om idrettsfag, og vil ha dei same krava til dokumentasjon og skala for tilleggspoeng. Direktøren vurderer at reglane bør vere samanfallande så langt det er mogleg, for å sikre likebehandling i vurderinga av dei idrettslege prestasjonane.

#### 3.3.1 Grunngeving for forslaget

Direktøren vurderer at fylkeskommunen i større grad vil kunne sikre inntak til skiskytingslinja i Stryn og andre tilbod som er særskilt tilrettelagt for toppidrett, viss søkjarane i tillegg til karakterpoeng konkurrerer basert på eit idrettsleg kriterium.

Samstundes ønskjer direktøren å rydde opp i dagens inntakspraksis, som ikkje har vore tilfredsstillande i tråd med regelverket. Direktøren har sett at det på enkelte toppidrettstilbod har blitt lagt vekt på idrettslege prestasjonar og kravd direkte søknad til skulen, utan at ein har hatt heimel for det i inntaksforskrifta, slik reglane krevjar. Forslaget inneberer at fylkeskommunen no vil få ein slik heimel, og vil sikre at fylkeskommunen sin praksis ikkje bryt lov og forskrift.

Direktøren legg også vekt på at fylkeskommunen i dag brukar eit idrettsleg kriterium ved inntaket til utdanningsprogramma Vg1 Idrettsfag og Vg1 musikk, dans og drama. Erfaringane med dette tilseier at ordninga også vil kunne brukast innanfor andre utdanningsprogram. Omsynet til likebehandling mellom søkjarar til Idrettsfag og søkjarar til andre utdanningsprogram som er tilrettelagt for idrett,, underbyggjer at fylkeskommunen bør utvide åtgonga til å bruke idrettslege kriterium i inntaket.

Det er knappleik om skuleplassane på fleire av tilboda som er særskilt tilrettelagt for toppidrett, medrekna landslinja for skiskyting i Stryn, som har 10 plassar per trinn. Eit grunnleggjande omsyn er at fordelinga av skuleplassane på tilrettelagte tilbod, bør avgjerast

ut ifrå kven som har dei beste grunnane for å bli tatt inn til eit slikt type tilbod. I kva grad søkjaren vil ha behov for idrettsleg tilrettelegging under opplæringa, vil ofte henge saman med den enkelte sitt prestasjons- og konkurransenivå innanfor idretten. Ved å basere inntaket på ein kombinasjon av karakterpoeng og idrettslege krav, får ein i større grad sikra ein balanse mellom skulefaglege og idrettslege ferdigheiter.

## 4. Foreslått forskriftstekst

Det vert foreslått ny regel i inntaksforskrifta kapittel 2 med slik ordlyd<sup>5</sup> :

### § 2-23. Inntak til Vg1 på utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for toppidrett

(1) Inntil 50% av plassane til Vg1 på utdanningsprogram som er særskilt tilrettelagt for å gjennomførast i kombinasjon med toppidrett, kan tildelast på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterium), i tillegg til karakterpoeng.

(2) Skala for tilleggs-poeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkeskommunen. Søkarar på regionalt nivå får 3 tilleggs-poeng, søkarar på landslagsnivå får 6 tilleggs-poeng, og søkarar på internasjonalt nivå får 9 tilleggs-poeng.


(3) Søkarar som ønsker tilleggs-poeng må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjonen skal sendast skulen søkaren har som førsteønske.

**Forslaget vil også kunne omfatte landslinjetilbod. Dagens § 10 (1) vert difor foreslått presisert slik:**

(1) Søkarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng, **med mindre anna er bestemt.**

---

<sup>5</sup> Det er forventa at ny paragrafnummerering i inntaksforskrifta vil gjelde frå 1. august 2026. Forslaget her vil innebere at kapittel 2 får ein ny § 2-23.



vestlandfylke.no